
Vår referanse 2021/28086-2
Dato 18.08.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - gnr. 126, bnr. 11 - Hope - Alver kommune

Vi viser til Dykkar brev av 27.07.2021 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Hope i Alver kommune. Vegen skal koplust saman med eksisterande veg som er etablert i utmarka, frå Kvernhuselva til Storevika på gnr. 126, bnr. 11. Vi kan ikkje sjå at vi har motteke sistnemnde veg til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift